



--

Arkiv saknr:	2015/1858
Løpenr.:	15201/2015
Arkivkode:	232

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	03.09.2015	15/55
Kommunestyret	10.09.2015	15/54

Sakshandsamar: Gry Åsne Aksvik

Høyringsuttale eigedomsbeskatning av arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev
- 2 Høringsnotat om eiendomsskatt på arbeidsmaskiner
- 3 Høring om eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk
- 4 Høringsinstanser

Dokument i saka:

- 1 Høringsbrev
- 2 Høringsnotat om eiendomsskatt på arbeidsmaskiner
- 3 Høring om eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Bakgrunn:

Finansdepartementets forslag av 18. juni 2015 til endringar i reglane om eigedomsskatt på verk og bruk vil føre til eit inntektstap på om lag 1,5 – 2 milliardar kroner årleg for om lag 340 kommunar. Forslaget undergraver prinsippet om lokal beskatningsrett, og dermed eit inngrep i lokaldemokratiet. Eit så stort inntektstap vil anten føre til kutt i dei kommunale tenestene til innbyggjarane, auka eigedomsskatt på bustader, fritidseigedomar og næringsseigedomar, eller begge deler.

Vurdering:

Skatt på faste eigedomar (eigedomsskatten) er den einaste reine kommunale skattearten vi har. Av eigedomsskattelova § 3 går det fram at kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten :

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller

- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
- d) berre på verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom.

I Vinje er det eigedomsskatt på verk og bruk i heile kommunen, men ein kunne vald å utvide inntektene ved å legge skatt på fleire av skatteobjektkategoriene.

Departementet foreslår ingen endringar i reglane om eigedomsskatt på vasskraftanlegg. Vasskraftanlegg er foreslått som eigen kategori. For andre verk og bruk er det foreslått to alternativ:

- «Alternativ 1 fritar produksjonsutstyr og –installasjonar frå eigedomsbeskatning, men beheld verk og bruk som eit sjølvstendig utskrivingsalternativ.»
- «Alternativ 2 fjernar verk og bruk som ein egen kategori i eigedomsskatten. Etter dette alternativet blir slike anlegg skattelagt som alminnelig næringseigedom.»

Begge alternativa avviklar i realiteten eigedomsskatt på verk og bruk.

Departementet foreslår nye grensesnitt (begge alt) for kva som høyrer med til den faste eigedomen. I følge gjeldande rett går grensesnittet mellom lausøyre og integrerte anleggsdeler.

Lausøyre skal ikkje reknast med til den faste eigedomen, og det må vurderast konkret i kvart tilfelle kva som er lausøyre og kva som er integrert utstyr. Her har det vore om lag 12 høgsterettssaker samt mange saker i lågare rettsinstansar sidan 1912 som har drege opp grensene mellom lausøyre og integrert produksjonsutstyr.

Grovt sett er lausøyre laust verktøy og produksjonsutstyr og anna som enkelt kan flyttast, medan fastmontert og integrert produksjonsutstyr skal vera med i verdivurderinga av ein eigedom.

Som døme vert maskinene som sagnar og høvlar tømmeret i ein trelastfabrikk rekna som integrert då desse stettar dei kriteria som er utvikla gjennom rettspraksis (er fastmonterte og er naudsynte for produksjonen), medan ein truck som nyttast til å flytte tømmer og materialar – og som for så vidt også er viktig for produksjonen, reknast som lausøyre og skal ikkje reknast med i eigedomsskattegrunnlaget.

I mange produksjonsverksemdar inneber maskiner og installasjonar den største verdien, medan bygget rundt kan ha mindre verdi. Døme på dette er dei store i landføringsanlegga for olje og gass, smelteverk og hamneanlegg.

I høyringsnotatet går det fram at Produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar ikkje skal reknast som fast eigedom. Det som skal reknast med er bygning, tomt og utstyr som «tener bygget» jf. Høyringsnotatet s.25 3. avsnitt.

Regjeringa signalisera allereie i regjeringsplattforma (Sundvoldenerklæringa) at dei ville gjera endringar i reglane som gjaldt verk og bruk. I Sundvoldenerklæringa var formuleringa: *«frita fastmonterte, ikke-integrerte maskiner fra eiendomsskatt i industrialanlegg (gjelder ikke kraftanlegg)»*.

Forslaget som no er på høyring er langt meir omfattande ved at formuleringa er endra til: *«Produksjonsutstyr og installasjonar skal ikkje reknast med»*. Kort kan ein sei at det er produksjonsutstyr og installasjonar som er det sentrale ved verk- og bruk-kategorien. Bygningar og grunn har ofte liten verdi samanlikna med produksjonsmidlane. Andre næringseigedomar er normalt kjenneteikna ved at det meste av verdien ligg i bygningar og grunn – resten er lausøyre.

Den opphavlege formuleringa i Sundvoldenerklæringa vart tolka slik at integrerte, fastmonterte maskiner framleis skulle høyre med i skattegrunnlaget. Men kva som skulle høyre med til integrerte, fastmonterte maskiner og utstyr til skilnad frå ikkje-integrerte fastmonterte var uklart og ville truleg skape eit nytt vanskeleg grenseland med rom for tvist og rettssaker. Dette har truleg finansdepartementet også sett og enda opp med å foreslå at alt produksjonsutstyr og installasjonar skal fritakast for eigedomsskatt.

Den viktigaste verknaden for Vinje ved endringa vil vere at alt kraftline- og telenett fell bort som eigedomsskatteobjekt. Store kraftliner er til dels upopulære, og eigedomsskatt er den einaste kompensasjonen kommunen får. Dei mindre kraftlinene (distribusjonsnett), som i vårt område eigast av Rauland Kraftforsyningslag og VTK, svarar også eigedomsskatt. Det same gjeld for telenett/breibånd.

Den årlege reduksjon i inntekter for Vinje vil såleis vere om lag 4,5 millionar kr om dei nye reglane vert innført. Desse midlane kan løne ca. 6,4 årsverk i skulen eller 6-7 årsverk innan helse. Om det berre vert dei ikkje-integrerte maskinene og produksjonsutstyret som får fritak så har dette liten verknad for Vinje.

I alternativ 1 er det berre forslag om å ta ut produksjonsutstyr og installasjonar i kategorien verk og bruk, alternativ 2 opphevar i tillegg verk og bruk som eigen kategori og innfører kraftanlegg som ein eigen kategori. Det vil sei at alt næringsliv vert samla i kategorien næringseigedom bortsett frå kraftverka. Dersom endringane som er foreslått blir vedteke, kan ein tenkje seg at dette gjer kraftskatten meir sårbar

for angrep frå bransjen då dei kan hevde at dei er dei einaste som må betale eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

Kvar krone i eigedomsskatt går til velferdstenestar for kommunens innbyggjarar. Ein avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk vil kunne føre til eit press på kommunane for å auke eigedomsskatt på andre eigedomsskatteobjekt, som bustader, fritidseigedomar og næringseigedomar.

Sakshandsamar ser forslaget som eit brot på den samfunnskontrakten som er inngått mellom staten og kommunane ved avståelse av verdifulle naturressursar til store kraftnett. Eit viktig element i slike saker er at den kommunen som vert røyrd vil mottaka eigedomsskatteinntekt. Verken for kraftliner eller vindkraftanlegg ligg det føre andre ordningar som tilgodeser den kommunen som vert røyrd av utbygginga.

Forslaget fører til ein endring av offentlege inntekter frå kommunesektoren til staten. I høyringsnotatet er det opplyst at selskapsskatten på statens hand vil auke med 300 millionar kr årleg. I tillegg vil forslaget føre til ein betydelege skattelette for statlege bedrifter som Statnett, Statkraft og Statoil. Disse skattelettelsene gjev rom for auka utbytte til staten. Staten aleine vil få ein skattelette på om lag 150 millionar kroner årleg, og samla vil staten truleg tene henimot 1 milliard kroner årleg på forslaget. Mens eigedomsskatten er knytt til det stadbundne anlegg, vil selskapsskatten bli utmålt på konsernivå.

Kort oppsummering:

- Eigedomsskatten er einaste kommunale skattearten. Denne er viktig for lokalpolitisk handlingsrom og bør ikkje svekkast.
- Grensedraginga mellom lausøyre og fast eigedom har utvikla seg gjennom lang praksis og domar i ymse rettstvistar, og er i dag ingen vesentleg problemstilling. Likevel kan rettstilstanden vere vanskeleg tilgjengeleg for andre enn juristar, slik at ei sentral forskrift for taksering og utskriving av eigedomsskatt bør utarbeidast.
- Forslaget inneber oppheving av eigedomsskatt på kraftliner og andre installasjonar i kraftsystemet med unnatak av kraftproduksjonsanlegg. Eigedomsskatt på desse installasjonar og anlegg er den einaste kompensasjonen kommunar med slike til dels skjemmaende anlegg får, og ein bør difor halde fast på kraftliner som skatteobjekt.
- Alternativ 2 i forslaget inneber også at kategorien «Verk og bruk» fell bort og slege saman med andre næringseigedomar.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje kommune visar til Finansdepartementet sitt høyringsnotat om endringar i eigedomsskattelova. Eigedomsskatten er den einaste kommunale skattearten. Det er derfor viktig for det lokalpolitiske handlingsrommet, og bør såleis ikkje svekkast. Vinje kommune går i mot baa dei alternative framlegga i høyringsnotatet.

Rådmannen, 24.08.15

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 03.09.2015:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Vinje kommune visar til Finansdepartementet sitt høyringsnotat om endringar i eigedomsskattelova. Eigedomsskatten er den einaste kommunale skattearten. Det er derfor viktig for det lokalpolitiske handlingsrommet, og bør såleis ikkje svekkast. Vinje kommune går i mot baa dei alternative framlegga i høyringsnotatet.

Saksordførar: Børre Rønningen

-----Dette er slutten på vedtaksteksten (denne teksten skrives ikke ut)-----

Handsaming i Kommunestyret 10.09.2015:

Framlegget frå formannskapet blei samrøystes vedteke.

Vinje kommune visar til Finansdepartementet sitt høyringsnotat om endringar i eigedomsskattelova. Eigedomsskatten er den einaste kommunale skattearten. Det er derfor viktig for det lokalpolitiske handlingsrommet, og bør såleis ikkje svekkast. Vinje kommune går i mot baa dei alternative framlegga i høyringsnotatet.

-----Dette er slutten på vedtaksteksten (denne teksten skrives ikke ut)-----